



Fiskeri- og kystdepartementet
Postboks 8118 Dep
0032 OSLO

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
201302609-4/313/ENDKOR

Dykkar ref.:

Bergen, 18. april 2013

HØYRING - FORSLAG TIL FORSKRIFT OM TILDELING AV LØYVE TIL HAVBRUK MED LAKS, AURE OG REGNBOGEAURE I SJØVANN 2013

Vi viser til Dykkar brev av 04.03.2013, høyring av forslag til forskrift om tildeling av løyve til havbruk med laks, aure og regnbogeaure i sjøvann 2013 med høyringsfrist 18.04.2013.

Saka vert handsama av Fylkesutvalet i Hordaland 24.04.2013. Kopi av saksframstillinga med framlegg til vedtak vert med dette oversend til Fiskeri- og kystdepartementet. Særutskrift med endeleg vedtak i saka vert send etter møtet i Fylkesutvalet.

Innstillinga til Arbeidsutvalet i Vestlandsrådet i saka støtta av fylkeskommunane Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane ligg og ved.

for
Guðrun Mathisen
seksjonssjef
K. Nybø


Endre Korsøen
spesialrådgjevar

Vedlegg:

Saksframstillinga og framlegg til vedtak til Fylkesutvalet i Hordaland.
Innstillinga til Arbeidsutvalet i Vestlandsrådet.



Arkivsak 201302609-3
Arkivnr. 313
Saksh. Korsøen, Endre

Saksgang

Fylkesutvalet

Møtedato

24.04.2013 - 25.04.2013

HØYRING - FORSLAG TIL FORSKRIFT OM TILDELING AV LØYVE TIL HAVBRUK MED LAKS, AURE OG REGNBØGEAURE I SJØVANN 2013

SAMANDRAG

Fiskeri- og kystdepartementet vil lyse ut inntil 45 løyve til havbruk med laks, aure og regnbøgeaure i 2013. Ved denne tildelingsrunda vil det særleg bli lagt vekt på miljøaspektet – rømt oppdrettslaks og lakselus vert rekna som næringa sine største miljøutfordringar. På grunn av dei særlege miljøkrava, er løyva blitt kalla «grøne». Eit viktig element er at for delar av dei nye løyva gjeld at søkjar må gje frå seg eit ordinært løyve for å kunne få to nye «grøne» løyve. Det vert lagt opp til ein komplisert tildelingsprosedyre kor løyva vert delt inn i tre grupper, og kor det vert knytt ulike søke- og tildelingskriterier til kvar av gruppene. Det er framlegg om at løyva delvis vert seld til ein fast pris til kr. 10 mill. pr. løyve, og delvis til høgstbydande i ein lukka bodrunde. Vidare vert det lagt opp til ei kategorisering av dei miljøkrav søkjar må akseptere for å vera aktuell for dei ledige «grøne» løyva. Som ved forje tildelingsrunde vil dei aktuelle fylkeskommunane få ein del av konsesjonsvederlaget. Fylkeskommunane sin del pr. løyve vil utgjere kr 4 mill.

Høyringsfrist er sett til 18.april.2013

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Hordaland fylkeskommune støttar opp om målet for tildelingsrunda som er å leggje til rette for ei berekraftig og konkurranse dyktig næring som kan bidra til auka matproduksjon, aktivitet og verdiskapning langs kysten.
2. Hordaland fylkeskommune meiner det er trong for auka fokus på miljøtekniske- og driftsmessige løysingar i havbruksnæringa, og at tildeling av «grøne» løyve kan vera eit av fleire tiltak for å få fram ei slik utvikling.
3. Hordaland fylkeskommune ber regjeringa om å stimulere til styrka FOU-verksemd knyt til utvikling av ny miljøvenleg havbruksteknologi og driftsløysingar gjennom meir aktiv bruk av forsøks- og forskingsløyve.
4. Hordaland fylkeskommune foreslår at gruppe B og C vert slått saman, og at kriteria for dei 25 løyva er dei same som i departementet sitt framlegg til gruppe B, men utan bodrunde.

5. Hordaland fylkeskommune meiner utifrå intensjonane med tildelinga at område med størst potensiale for miljøgevinsten, som t.d. Hardangerfjorden, må prioriterast.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
regionaldirektør

Vedlegg:

Høyringsbrev – forslag til forskrift om tildeling av løyve til havbruk med laks, aure og regnbogeaure i sjøvatn i 2013.

1. Bakgrunn

Løyve til oppdrett av matfisk av laks og aure vert tildelt gjennom tildelingsrundar styrt av Fiskeri- og kystdepartementet. Det vil seie at ein avgrensa mengde løyve vert utlyst etter bestemte kriteria som regjeringa bestemmer.

Denne tildelingsrunden i 2013 har, som tidlegare, mål om å leggje til rette for ei berekraftig og konkurransedyktig næring som kan bidra til auka matproduksjon, aktivitet og verdiskaping langs kysten. Nytt ved denne tildelinga er at ein skal ha fokus på å stimulere til utvikling av nye teknologiske eller driftsmessige løysingar som legg til rette for å redusere miljøutfordringane i akvakulturnæringa. Særleg tek tildelingsrunda sikte på å medverke til å kommersialisere løysingar som er prøvde ut i praksis, forska på og funne å ha gode resultat med omsyn til miljø.

Regjeringa har i arbeidet med denne tildelingsrunden, når det gjeld formålet, kriteria, talet på løyve og den geografiske fordelinga, lagt vekt på å stimulere til auka miljømessig innsats i næringa. Konkret dreier det seg her om innsats mot lakselus og rømt oppdrettslaks. Det er i den samanheng eit krav for å få tilsegn om løyve at søkjar pliktar å ta i bruk teknologiske- og/eller driftsmessige løysingar som vesentleg reduserer desse miljøutfordringane.

Som all annan matproduksjon har havbruk verknad på miljøet, og løyve til havbruksverksemd inneber at styresmaktene godtar ein viss påverknad på det omkringliggjande miljøet. I høringsnotatet understreker Fiskeri- og kystdepartementets vektlegging av at denne påverknaden skal vere akseptabel, og at havbruksnæringa i alle tilfelle skal vere miljøforsvarleg.

Tildelinga er delt i 3 grupper;

- for gruppe A: Finnmark og Troms, 20 stk. løyve med pris kr. 10 mill./stk. Krev i tillegg innløyising av eitt eksisterande løyve til grøn konsesjon.
- for gruppe B: Open gruppe for heile landet; 15 stk. løyve med lukka bodrunde. Krev i tillegg innløyising av eitt eksisterande løyve til grøn konsesjon.
- for gruppe C: Open gruppe for heile landet, 10 stk. løyve med pris 10 mill./stk. Ekstra strenge kriterar i desse løyva.

For kvart løyve i gruppe A og C vil dei aktuelle fylkeskommunane få kr 4 mill., tilsvarande ein del på 40 %. Det er uklart om fylkeskommunane vil få nokon del for dei løyva som er tenkt seld til høgstbydande (gruppe C).

Fiskeridirektoratet skal stå for den offentlege utlysninga av løyva. Utlysninga skal mellom anna innehalde opplysningar om søknadsfrist, gebyr, bodgjeving, vederlag og krav til innhald i søknaden.

Løyva i denne tildelingsrunda skal tildelast av eit fagleg kollegialt organ (faggruppa), oppretta av Fiskeri- og kystdepartementet (FKD) for formålet. FKD er klageinstans for vedtak fatta av faggruppa.

2. Vurderingar

Fylkesrådmannen ser det som positivt at denne tildelingsrunda fokuserer på nye teknologiske og driftsmessige løysingar. Det er trong for auka fokus på miljøtekniske- og driftsmessige løysingar i havbruksnæringa, og tildeling av «grøne» løyve kan vera eit av fleire tiltak for å få fram ei slik utvikling. Framlegget til inndeling i grupper med tilhøyrande kriterier gjer tildelinga særskild komplisert.

Grunntanken bak denne tildelingsrunda, er at for å få eit nytt «grønt» løyve på særskilde vilkår må søkjar vera villig til å omgjere ein av sine eksisterande løyve for drift under same vilkår. Det vil seie at det vert to nye «grøne» løyve mot innlevering av eit gjeldane løyve. Eit ankepunkt mot dette er at oppdrett av matfisk laks og aure vil måtte gå føre seg med basis i ulike vilkårsregimer etter denne

tildelingsrunda, og at det kan forventast at «grøne» løyve med like vilkår vil bli forsøkt samla på eigne lokalitetar. Dette vil i sin tur kunne føre til unormalt press på nye område/lokalitetar.

I framlegget til departementet vert det lagt opptil at 15 løyve skal tildelast gjennom lukka bodrunde. Det er ikkje gjeve noko grunngjeving for framlegget. For dei andre løyva er det satt eit vederlag på kr. 10 mill., noko som må oppfattast som ein akseptabel verdisetting. Prosessane bør vera meir opne enn det her vert lagt opptil, og storleiken på vederlaget må fastsettast på førehand og gjerast kjent for alle. Ein ser vidare at lukka bodrunde kan oppfattast som ei favorisering av større aktørar.

Etter framlegget frå FKD skal 10 av løyva gå til aktørar som tar i bruk teknologiske- og/eller driftsmessige løysingar med større miljømessig effekt enn det som vert kravd av dei andre løyva. I kommersiell oppdrettsverksemd må det berre nyttast kjente og utprøvde teknologiske og driftsmessige løysingar. Når det for ei eiga gruppe løyve vert stilt særskild strenge miljøkrav, er det fare for at det blir presentert og akseptert løysingar som krev utviklingsarbeid, og/eller at vilkåra vert så strenge at få søkjarar ser dette alternativet som interessant av risikomessige grunnar. Utviklingsarbeid må utførast i nært samarbeide med forskingsmiljøa. Det må derfor stimulerast til styrka forskingsverksemd knyta til utvikling av ny miljøvenleg havbruksteknologi og driftsløysingar gjennom ein meir aktiv og styrt bruk av forsøks- og forskingsløyve.

Det er ikkje ønskeleg verken med ei lukka bodrunde, eller med ei eiga gruppe med særskild strenge føringar i høve til rømming og lakselus. Dette framlegget medfører like krav til alle søkjarar om innløyving av eit eksisterande løyve mot å få tildelt to «grøne» løyve.

Fiskeri- og kystdepartementet slår fast at rømt oppdrettsfisk og lakselus er næringen sine største miljøutfordringar, og øyremerkinga av 20 løyve til Troms og Finnmark har truleg samanheng med at situasjonen med omsyn til desse miljøfaktorane er betre i dei to nordligaste fylka enn i resten av landet. Imidlertid er det også områder lengre sør som både har miljøtilhøve og plass for auka vekst i biomasse utan at dette treng gå på akkord med miljøperspektivet. Det må vidare vere ein auka gevinst ved tildelingsrunda at næringsaktørar kan prøve ut ulike driftsformer og ulike teknologiske konsept tilpassa dei ulike ver-, klima- og miljøtilhøve ein finn langs heile kysten.

I høyringsnotatet er det i kapittelet om «bakgrunn» vist til at tildelingsrunda skal stimulere til utvikling av nye teknologiske eller driftsmessige løysingar som legg til rette for å redusere miljøutfordringane i akvakulturnæringa. Eitt av hovudmåla er å bidra til kommersialisering av ny teknologi og å bidra til utprøving av nye driftsformer. Dette for å redusere negativ belastning på miljøet.

Teknologien må først og fremst innførast og utprøvast der kor miljøgevinsten er størst. Hardangerfjorden er eit område med høg oppdrettsaktivitet, og området har utfordringar med sjukdom og lakselus. Det er positivt at det vert stimulert til å ta i bruk teknologiske løysingar for ein meir miljøvenleg produksjon av laksefisk som kan nyttast i sårbare områder, slik som i Hardangerfjorden. Hardangerfjordregionen er eit område som må prioriterast slik innretninga på kriterium ligg føre. Her har ein i praksis eit verkemiddel som kan nyttast til å støtte opp under næringa sitt arbeid med å kunne handtere miljøutfordringane i fjordsystemet. Heller enn å sette ytterlegare krav og restriksjonar i form av auka tal forskrifter (ref. Hardangerfjordforskrifta som nyleg var på høyring), kan ein her nytte høvet til å spele på lag med næringa.

Endre Korsøen

Fra: Odd Erik Hansgaard <Odd.Erik.Hansgaard@rogfk.no>
Sendt: 17. april 2013 15:11
Til: Endre Korsøen
Emne: Grøne laksekonsejner AU

Oppfølgingsflagg: Følg opp
Status for flagg: Flagget

hei
Her er punktene og vedtaket

Ha en fin dag!

odd erik

Fylkesrådmannens forslag til vedtak:

Dette vedtaket blir pga tidsfristen 18. april, gjort av AU på vegne av Vestlandsrådet. Uttalelsen sendes Fiskeri- og kystdepartementet.

- Den «grøne teknologien» bør først og fremst nyttast der miljøgevinsten er størst. Oppdrettsintensive områder eller dei mange nasjonale laksefjordane på Vestlandet vil vere aktuelle områder for utprøving av ny teknologi.
- Ulike deler av kysten har ulike utfordringar. Det kunne vere ein overordna gevinst at næringsaktørar prøver ut ulike driftsformer og ulike teknologiske konsept tilpassa dei ulike ver-, klima- og miljøtilhøve ein finn langs kysten, og at denne variasjonen vert teke vare på i tildelinga.
- Både store, mellomstore og små aktørar er viktige for Vestlandet. Det er ein sjanse for at større aktørar har råd til å by høgare pris for løyvet enn det dei mindre aktørane har økonomisk høve til, sjølv om desse kan ha teknologiske konsept som er minst like gode som dei andre. For å ta vare på ein differensiert næringsstruktur, bør det difor settast ei grense på tal løyve ein aktør kan få.
- Fleire løyve bør vere reservert for små og mellomstore aktørar, og då i heile landet og ikkje berre i dei to nordlegaste fylka.
- Fylkeskommunane har gjennom fleire år opparbeidd ein solid kompetanse som vi meiner kan vere eit viktig bidrag inn i faggruppa som skal tildele løyve. Mange av våre medarbeidarar har ein spanande kombinasjon av relevant høgare utdanning (marinbiologi, fiskehelsebiologar etc.) og erfaring frå heilskapleg planlegging og erfaring frå fleire års arbeide mot og med akvakulturnæringa. Gjennom eit Vestlandssamarbeid innan marin sektor (*VestMarin: Vestlandssamarbeidet – Marin satsing*), og vil tilby å stille med ein representant i faggruppa på vegne av den tyngste oppdrettsregionen i landet.

Vedtaket:

Forslaget ble støttet av Rogaland; Hordaland og Sogn og Fjordane. Den er dermed ikke en Vestlandsrådsak.

Disse fylkeskommunene sender egne uttalelser i saka men legger samtidig ved forslaget til vedtak med henvisning til at disse tre fylkeskommunene står bak dette.

Odd Erik Hansgaard
Sekretariatsleder Vestlandsrådet
Mobil: +4791322463
Epost:odd.erik.hansgaard@rogfk.no